

**Referat frå møte i Vaksdal sokneråd**

Tid	10.02.2026 kl. 17.00 – 19.00		
Stad	Heime hos Oddvar og Grete		
Til stades	Vikarprest Roar Strømme, Tove Margrete Nordmark, Heidi Rongved, Siv Torlaug Hisdal, Tormod Amundsen, Oddvar Dale og Grete Loftheim Dale.		
Forfall	Per Nordmark		
Referent	Grete		
Opning	Roar Strømme: Esau og Jacob v/ Svein Tindberg. Parallell til vår eiga tid. Konflikt og tilgjeving. Tilgjeving/ forsoning: «Eg såg Guds andlet» 1. Mos. 33	Ansvarleg	Frist
Sak 09/26	Godkjenning av innkalling og sakliste: Godkjent.		
Sak 10/26	Gudstenester og ansvarsfordeling <ul style="list-style-type: none">15. febr. Kl. 11.00 : Helg med tårnagentar er avlyst. Få påmelde. Søndag vert det høgmesse med enkel kyrkjekaffi då vatnet i konf. rommet er frose.8. mars kl. 11 – Årsmøte + dåp av konfirmantar etter gudstenesta. Siv og Heidi ordnar kyrkjekaffi.2.april kl. 19.00 – Skjærtorsdag. Kveldsmat.12. april kl. 11.0019.mars kl. 19 Vaksdal kyrkje salmekveld.	Grete/Oddv Alle Siv og Heidi T.M.&Per	
Sak 11/26	Årsrekneskap Vedtak: <ul style="list-style-type: none">Vaksdal sokneråd godkjenner den framlagde rekneskapen for 2025. Den vert no levert til revisor		
Sak 12/26	Årsmelding Vedtak: <ul style="list-style-type: none">Vaksdal sokneråd vedtek årsmeldinga med et par redaksjonelle endringar og gjev soknerådsleiar fullmakt til å gjera den endelege redigeringa		



Sak 13/26

Årsmøte 2026, 8. mars

Innkalling til møtet og publisering av årsmeldinga vert gjort ved å henge opp fysiske dokument på Vaksdal senter og elektronisk vert det lagt ut på kyrkja si nettside. Møte er kunngjort i felles sannonse i VaksdalPosten.

Årsmøtet vert halde i konfirmantrommet etter gudstenest og dåp. Det tek til med enkel servering.

Saker:

- Val av møteleiar. Framlegg: Tove Margrete
- Val av referent
- To personar til å underteikna protokollen

Årsmøtesaker

1.Presentasjon av soknerådet si årsmelding for 2025

2.Presentasjon av rekneskapen for 2025

3.Tema til drøfting

- Det er ofte utfordringar med lydanlegget i kyrkja
- Det har kome fram ønske om lyssetting av kyrkja. Kva tenkjer årsmøtet om det?
- Det trengs nye medarbeidarar til juleverkstaden.
- Nyttårsgudstenesta: Anna tidspunkt? Tidlegare?

Sak 14/26

Dugnadstimar sidan sist

- Ingen

Sak 15/26

Orienteringssaker/drøfting

- Nytt frå fellesrådet v/Heidi:
 - Ho meldte frå til fellesrådet om høgtalaranlegget som ikkje fungerer godt.
 - Valentinsdag: 6 par vert vigde i Bergsdalskyrkja.
 - Økonomien er særskild knapp i forhold til trong for vedlikehald og m.a. nye lokalar for kyrkjekontoret og plan for toalett og universell utforming i Stamnes kyrkje.



	<ul style="list-style-type: none">• Oddvar etterlyser protokollen med dagsregisteret som skal ligga i kyrkja.• Måndagskaffi 16/2: Vert gjennomført trass i frose vatn.• Prestesituasjonen: Roar er beden om å halde fram som vikar ut juni.• Fellesmøte for sokneråda 17/3: Formål m.a. at tilsette møter sokneråda. Innspel frå Vaksdal tatt med i tema. Endring i organisering? Kva er mogeleg og kva er realistisk. Drøfting i kvart råd trengs. Forordna gudstenester – korleis fordela desse?	Gret & Oddv.	
Avslutning	Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, makta og æra i all æve. Amen.		